

## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	<b>Hovudutval for samferdsel og mobilitet</b>
<b>Møtestad:</b>	Hotellet, Thon Hotel Sandven, Nordheimsund
<b>Dato:</b>	11.03.2020
<b>Tid:</b>	08:30-16:20

### Følgjande faste medlemer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jannicke Bergesen Clarke	Leiar	A
Arve Helle	Medlem	A
Per Jarle Valvatne	Medlem	A
Linda Monsen Merkesdal	Medlem	A
Marthe Hammer	Nestleiar	SV
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Gunnar Moland	Medlem	H
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

### Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Mona Høgeli	Medlem	MDG
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	FRP
Trym Helge Aafløy	Medlem	FNB

### Følgjande varamedlemer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Josefine Gjerde	Mona Høgeli	MDG
Jann Atle Jensen	Trym Helge Aafløy	FNB
Svein Otto Jacobsen	Frank Willy Pedersen Djuvik	FRP

### Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Torill Klinker	Seksjonsleiar transportplan
Gunhild Beate Vangsnæs	Seksjonsleiar planlegging og utbygging
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar forvaltning, utgreining og geodata
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar/møtesekretær

## Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
<b>Godkjenningssaker</b>			
GK 5/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 6/20	Godkjenning av møteprotokoll fra møte 13.02.2020	2019/149	
<b>Referatsaker</b>			
RS 14/20	Fråsegn fra kommunestyret - rassikring på fylkesveg 618 - Stad kommune	2020/36026	
RS 15/20	Uteservering i Bergen sentrum på fortau på fylkesveg	2020/41675	
RS 16/20	Førdepakken - Årsrapport 2019 og referat fra styringsgruppe 18.2.2020	2020/41708	
RS 17/20	Arbeid med høyringsfråsegn til Nasjonal transportplan 2022-2033 - Status	2020/960	
<b>Skriftlege spørsmål</b>			
SI 14/20	Spørsmål fra Hammer - SV - servicelinja	2020/203	
SI 15/20	Spørsmål fra Gunnar Moland - H- Dårlig kommunikasjon mellom ulike kollektive transportmidler i Vestland	2020/203	
SI 16/20	Spørsmål fra Brosvik- Krf - ungdomskort på snøggbåtene	2020/203	
SI 17/20	Spørsmål fra Valvatne -A - FV 562 Askøy	2020/203	
SI 18/20	Spørsmål fra Helle - A - hurtigbåt Bergen-Knarvik	2020/203	
SI 19/20	Spørsmål fra Helle - A - kjempeanlegg Myrdal Åsane	2020/203	
<b>Politiske saker</b>			
PS 15/20	Oppstart av arbeid med Regional Transportplan 2022 - 2033	2020/36671	
PS 16/20	Konkurranseutsetjing av Rutepakke 3 - Lokalbåtsamband i Gulen og Solund	2020/35690	
PS 17/20	Fordeling av planleggingsmidlar 2020	2020/42135	
PS 18/20	Løyving til trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring - framlegg til fordeling	2020/41164	

## **Godkjenningssaker**

### **GK 5/20 Godkjenning innkalling og sakliste**

Møteinkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

### **GK 6/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 13.02.2020**

Møteprotokoll frå møte 13.02.2020 vart godkjend utan merknader.

## **Referatsaker**

### **RS 14/20 Fråsegn frå kommunestyret - rassikring på fylkesveg 618 - Stad kommune**

RS 14/20 vart referert.

### **RS 15/20 Uteservering i Bergen sentrum på fortau på fylkesveg**

RS 15/20 vart referert.

### **RS 16/20 Førdepakken - Årsrapport 2019 og referat frå styringsgruppe 18.2.2020**

RS 16/20 vart referert.

### **RS 17/20 Arbeid med høyningsfråsegn til Nasjonal transportplan 2022-2033 - Status**

RS 17/20 vart referert.

## **Skriftlege spørsmål**

### **SI 14/20 Spørsmål frå Hammer - SV - servicelinja**

Representanten **Marthe Hammer** har stilt slike spørsmål:

Har det vore gjort noko som helst av utgreiing og møte med Bergen kommune sidan saka var oppe til politisk handsaming i 2018?

Hausten foreslo fylkesrådmannen igjen at linja skulle verte nedlagt i budsjettet for 2020, men servicelinja vart vidareført i budsjettet frå fleirtalspartia med følgjande budsjettkommentar:

"Fleirtalspartia vil oppretthalde servicelinja i Bergen, og har lagt inn igjen 1,2 mill til å vidareføre denne i 2020. Fleirtalspartia er likevel samde om at potensialet for servicelinja ikkje fullt ut er nytta og vil at ein i 2020 inviterer Bergen kommune til ein idedugnad/workshop med mål om å komme fram til eit betre tilbod for dei som i dag nyttar servicelinja. Ein kan sjå for seg at servicelinja i Bergen sentrum vert vidareført som eit breiare tilbod retta mot fleire reisande. Det er i dag eit relativt dårlig busstilbod i sentrumskjernen i Bergen, spesielt i område Nordnes og Høyden. Eit forslag er å gjere servicelinja om til ein ringbuss slik at ein kan nå fleire ordinære busspassasjerer og slik få fleire reisande. Ein slik ringbuss kan også sjå til konseptet

«travel like the locals», der ein med det ordinære offentlege busstilbudet rettar seg mot turistar. Dagens servicelinje i Bergen sentrum går i dag forbi ei rekke sentrale og attraktive turistmål. «Travel like the locals» har vist seg å vere ein suksess i det nye berekraftige reiselivet, og det å tilby det offentlege busstilbodet til turistar i Bergen kan vere ein vinn-vinn situasjon. Ein opprettheld servicelinja, ein får fleire reisande, fleire inntekter og betre busstilbod i sentrumskjerna. For servicelinja i bydelane i Bergen bør ein sjå til konseptet «Hent meg» som kjem frå Sauda, og som vert prøvd ut i Odda."

#### **Spørsmål til samferdsledirektøren:**

- Kva er status for arbeidet opp mot Bergen kommune i forhold til ein idédugnad/workshop om servicelinja?

Er det satt dato?

- På kva måte vil politikarane verte involvert i denne workshopen og arbeidet opp mot Bergen kommune?

#### Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport

I tråd med vedtak knytt til avslutting av Servicelinjene i Bergen (PS 261/2018 i Fylkesutvalet), er det gjennomført ei utgreiing av behov og løysingar for denne brukargruppa i samarbeid med Bergen kommune. Det vil etter planen bli lagt fram sak om dette og mogleg vidareføring av Servicelinjene i løpet av 1. halvår 2020.

Saka vil og omhandle prosess og arbeidet opp mot Bergen kommune.

#### **SI 15/20 Spørsmål frå Gunnar Moland - H- Dårlig kommunikasjon mellom ulike kollektive transportmidler i Vestland**

Representanten Gunnar Moland har stilt slikt spørsmål:

Høyre har fått flere henvendelser om at det er utfordrende at ulike kollektive transportmidler ikke korresponderer med hverandre i Vestland utenfor byene.

Dette er et stort problem, fordi det gjør folk helt avhengig av egen bil for å komme seg til kontroller hos lege eller sykehus eller andre avtaler som krever en bytur. Alternativet er at man får lange ventetider under til dels kummerlige forhold i et busskur eller ventebu. Dette er problematisk for de som hverken kan eller vil kjøre bil, men faktisk også uheldig med tanke på bosettingsmønsteret i fylket vårt. Dårlige kollektivforbindelser gjør det mindre attraktivt å bosette seg utenfor byområdene, og kan være betydelig hindring for deltagelse i yrkeslivet og sosialt.

Jeg vil nevne et konkret eksempel fra Hardanger: Dersom du bor i bygda Grimo på Vestsiden av Sørfjorden i Hardanger og trenger å komme deg til Haukeland sykehus for en kontroll, er det to muligheter for kollektiv transport:

Første mulighet er bussen kl. 06.50, som du på 10 minutter tar til Utne ferjekai. Der må du vente 44 minutter på fergen (!), før du kan komme deg videre med fergen over fjorden til Kinsarvik, hvor bussen går ganske raskt til Voss. På Voss må du imidlertid over på tog, og vente over 1 time på det. Resultatet er at du er i Bergen kl. 11.59, og har brukt 5 timer og 9 minutter på turen.

Neste mulighet fra Grimo starter kl. 08.11, du er fremme i Bergen kl. 12.25, slik at det går litt fortare, men du må fremdeles vente 1 time på ferjekaien på Utne, 10 minutter unna hjemme ditt.

Per i dag driver Skyss kollektivtransporten i vårt fylke, og det må derfor være mulig å få til et mer sømløst forløp. Mitt spørsmål til administrasjonen blir da om de vil ta tak i dette, og hvor raskt kan man få til at ferger og lokale busser korresponderer bedre enn det vi erfarer i dag?

#### Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

Fylkesdirektøren v/Skyss/Kringom vil i løpet av 2020 gjere ei utgreiing om kor ein med enkle midlar kan få til korrespondansar i fylket. Utgriinga følgjer opp budsjettvedtaket frå fylkestinget i desember:

«Tryggleik for at kollektivreisa heng saman med gode korrespondansar, er svært viktig for at ein skal velje å reise kollektivt. Særleg over lengre avstandar. Fylkestinget ber derfor om ein gjennomgang på

- Kvar det er korrespondanse
  - Kvar det med enkle midlar er mogeleg å få til korrespondanse
- Skyss/Kringom må snarast sikre at alle korrespondansar blir merkte på dei kanalane der dei reisande planlegg reiserute og kjøper billettar»

I løpet av våren vil det og bli gjennomført ei evaluering av dei nye ferjerutene i Hordaland, frå 01.01.2020. I dette arbeidet inngår å sjå på samanhengen mellom buss- og ferjetilbodet.

Fylkesdirektøren vil komme tilbake med eigen sak, med tilbakemelding frå utgriingsarbeidet om korrespondansar og frå evalueringa av ferjerutene og samanhengen buss/ferje.

### **SI 16/20 Spørsmål frå Brosvik- Krf - ungdomskort på snøggbåtene**

Representanten **Trude Brosvik** har stilt slike spørsmål:

#### **Plassbestilling for dei med ungdomskort på snøggbåtane Bergen-Sogn/Nordfjord**

Dette spørsmålet er stilt før. Det eg lurer på er korleis oppfølginga med Norled er for å oppnå at ungdomane får bestille plass, også når dei nyttar ungdomskort.

Om det ikkje er ordna endå, kva tidshorisont ser ein for seg? Er problemet eigentleg at ein har mistillit til ungdomen og at dei tingar plass utan å bruke han, eller er det noko anna?

#### **Felles ungdomskort for heile Vestland fylke**

Det pågår eit stort samordningsarbeid mellom dei to gamle fylka og Skyss /Kringom på ma takstar og tilbod. Begge fylka har ungdomskort, som gjer at ungdom kan reise i heile (gamle) fylket til ein overkomeleg månadleg sum. Ungdomskorta er subsidiert av fylket. Kva er grunnen til at denne ordninga ikkje kan "isolera" i samordninga og gjennomførast før det store arbeidet er klart? Det er, så langt ein kjenner til, ikkje ei kryssfinansiering som må på plass for å få til dette. Vil det vere mogeleg å få til felles ungdomskort innan nytt skuleår i august 2020?

#### Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport.

På generelt grunnlag er både Skyss/Kringom og operatør bekymra for «no-show». Med det meiner ein at kundar med reservert plass ikkje dukkar opp til avgangen dei har reservert plass på. I dei tilfella der ein har avgangar med stor etterspørsel, fører dette til tapte inntekter for operatørar på nettokontraktar, sidan dei elles kunne seld billetten til ein annan, ofte til vaksen pris. Det er planlagt eit møte med operatør for å diskutera denne problemstillinga. Norled har eit bookingssystem, men dette er ikkje tillerettelagt for at ein kan booka plass utan å betala for den. Dersom vi skal kunna tilby dette krev det sannsynlegvis noko utviklingsarbeid. Det er førebels ukjent kor mykje og kor lang tid dette vil ta. Det har ikkje vore ressursar til å prioritere denne oppgåva no.

Når det gjeld ungdomsbillett tilseier dei landsomfattande sosiale rabattordninga fastsett av staten at fylkeskommunane har ansvar for å gi tilbod om ungdomskort. Hos oss gjeld ordninga for ungdom frå 16 til og med 19 år, dvs. ungdom som i all hovudsak er elevar i den vidaregåande

skulen. Ungdomskorta gir rett til ei uavgrensa mengde reiser innan eit område, normalt for ein månad. Korta gjeld på kollektivtransport som får fylkeskommunalt tilskot (dvs. ikkje til Vy tog, riksvegferjer og kommersielle ekspressbussar) og mot framvising av legitimasjon. Ein del fylkeskommunar har likevel inngått avtalar med andre aktørar, mellom anna med Vy tog og riksvegferjene, om at korta òg skal gjelda for desse transportmidla.

Det kan vere mogleg å «isolera» ungdomsbilletten slik at det kan innførast felles ungdomsbillett innan august 2020, men det er nokre praktiske og tekniske utfordringar knytt til ulike billettsystem og moglegheit til å lese ein billett som ligg på for eksempel Skyss sitt reisekort hos Kringom. Det er ikkje gjort nærmere vurderingar av denne. Eventuell innføring av felles ungdomsbillett vil ha ein kostnad i form av tapte inntekter. Administrasjonen har ikkje påbyrja arbeidet med å berekna storleiken av dei tapte inntektene, men planen er at dette arbeidet skal gjerast i samband med arbeidet for felles takst/sone-struktur for buss i Vestland. Som del av dette arbeidet vil ein også vurdere ulike løysningar for ungdomsbillettar. For eksempel har Ruter ein ungdomsbillett som er knytt til soner på same måte som andre periodebillettar.

## SI 17/20 Spørsmål frå Valvatne -A - FV 562 Askøy

Representanten **Per Jarle Valvatne** har sendt inn følgjande spørsmål:

«På Juvikflaten langs Fv 562 på Askøy har både bebruar og næringsliv over lang tid hatt utfordringar med å komme ut på fylkesvegen grunna høg trafikk. Kva tiltak kan være aktuelle for å betre framkomsten for dei som nyttar krysset samstundes som ein tek vare på trafikkflyten på fylkesvegen?»

Svar frå fylkesdirektør for infrastruktur og veg:

På grunn av avviklingsproblem på Juvikflaten vart det i 2016 utarbeidd ein trafikkanalyse av strekninga og dei to kryssa Juvikflaten (Fv. 562/Kv. 1244) og Horsøykrysset (Fv. 562/Fv. 5258). Hovudutfordringa med trafikkavviklinga var kapasitet på sideveg. På grunn av stor trafikk på hovudvegen i begge retningar var det svært begrensna kapasitet for venstresving frå sideveg. Dette medførte oppbygging av kø og forseinkingar frå sideveg, primært i ettermiddagsrushet.

I trafikkanalysen blei to alternative prinsippløysingar vurdert, signalregulering og rundkjøring i dei to kryssa.

Lysregulering har dårlegare kapasitet ved auka trafikk, og auka kapasitet på sideveg medfører redusert kapasitet i hovudvegen. Konklusjonen frå analysen er at ombygging til rundkjøring vil vera det beste tiltaket for betre framkomme og for trafikktryggleiken i dei to kryssa.

Statens vegvesen utarbeidde ein kapasitetsanalyse av desse kryssa i 2017 med bakgrunn i utbygging av Horsøyvegen og stor auke i arbeidsplassar på Horsøy. Hovudkonklusjonen er at både rundkjøring og lysregulering er mogeleg, alt etter kva trafikkstraumar som skal få prioritert i kryssa. Analysen vurderer at signalregulering vil best kunne prioritera fv. 562 som også har ein viktig funksjon for kollektivtrafikken på Askøy.

Dette viser at det er en kompleks samanheng mellom dei to kryssa, og det meste er avhengig av kva som skjer med utbygginga på Horsøy. Når det gjeld utbygginga på Horsøy blir det vist til fylkestingssak (i Hordaland) PS 110/2016 om oppgradering av vegen fram til næringsarealet på Horsøy.

Fv. 562 Juvikflaten er ikkje eit prioritert prosjekt i Askøypakken. Ingen tiltak har såleis finansiering pr no. Så langt fylkesdirektør for infrastruktur og veg kjenner til, er det heller ikkje starta opp eit arbeid for å få planavklart aktuelle tiltak på Juvikflaten.

## SI 18/20 Spørsmål frå Helle - A - hurtigbåt Bergen-Knarvik

Representanten **Arve Helle** har stilt slikt spørsmål:

Hurtigbåten mellom Bergen og Knarvik vart etter det eg har fått opplyst innstilt den 8. januar på grunn av dårleg vær.

Eg har blitt kontakta av ein kunde som hadde ei därleg oppleving knytta til dette då ein mindreårig reisande vart stående igjen på kaia i villrede. Kva er prosedyre for informasjon, ivaretaking eller alternativ transport når båtavgangar vert innstilt som i episoden beskreve ovanfor?

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

Grunna uvêr vart dei tre ettermiddagsturane på Nordhordlandsruta frå Strandkaien innstilt tysdag 7. januar. Informasjonen som vart formidla var i tråd med etablerte prosedyrar: Det blei informert via haldeplasskilt på Strandkaiterminalen, i mobilappen Skyss Reise og på nettsida skyss.no. Kundesenteret vart samstundes informert slik at ein kunne svare på spørsmål på telefon eller facebook og informere om alternativ reisemåte som var med buss linje 300 frå Bergen busstasjon. I den grad operatør er til stades vil og operatørpersonell medverke til informasjon og rettleiing av dei reisande, for eksempel operatøren sitt kundesenter som i dette tilfellet var ope på Strandkaiterminalen fram til siste avgang.

Det er uansett sjølvsgått beklageleg at ein av våre reisande blei stående att på kaien denne dagen og ikkje opplevde å få god nok informasjon om avvikshendinga. Det tek vi med i vidare arbeid med kontinuerlege forbetringerar.

### **SI 19/20 Spørsmål frå Helle - A - kjempeanlegg Myrdal Åsane**

Representanten **Arve Helle** har stilt slikt spørsmål:

Fylke og kommune byggjer no eit kjempeanlegg på Myrdal i Åsane som inkluderer ny vidaregåande skule, kulturhus og eit stort idrettsanlegg (Arena Nord) som får regional betydning. Trafikksituasjonen rundt anlegget er utfordrande allereie i dag. Dei utbyggingane som blir gjort no vil bety ein stor auke i antal brukarar av anlegget og dermed gje betydeleg større utfordringar.

Vi veit at det framleis er mange år til bybana til Åsane er klar og det er ingen ønska løysing å legge til rette for meir privatbilar i påvente av den.

Har ein planar for korleis ein skal handtere dette gjennom t.d auke i kollektivtilbodet i området?

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport.

Det ligg ikkje føre konkrete planar om endringar i kollektivtilbodet, det vil seie omlegging av linjenett eller auka frekvens på dagens linjer som betener området. Skyss/Kringom følgjer utviklinga i reisebehov og etterspurnad med omsyn til eventuelle tiltak, som til dømes styrking av kapasiteten enkelte tider på døgeret.

## **Politiske saker**

### **PS 15/20 Oppstart av arbeid med Regional Transportplan 2022 - 2033**

Forslag til innstilling

1. Planutvalet sluttar seg til framdriftsplanen til planprogrammet for Regional Transportplan som tek sikte på endeleg vedtak i fylkesutvalet september 2020.
2. Planutvalet legg til grunn at måla vedtatt for Regional planstrategi 2020 - 2024 ligg til grunn i arbeidet med Regional transportplan 2022 - 2033.
3. Regional transportplan skal vere det øvste strategiske dokumentet for samferdsle i Vestland fylke, og skal sette retning for alle tema innan mobilitet og infrastruktur i Vestland fylke.
4. Regional transportplan skal vere ein plan for heile samferdsleområde i Vestland, det vil sei at den også skal omtale område utfor Vestland fylkeskommune sine ansvarsområde.
5. Det skal utnemnast ein saksordførar av fylkestinget som skal følge arbeidet med utarbeiding av Regional Transportplan 2022 - 2033.

## **Saksprotokoll i 11.03.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet**

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til valnemnda.

### **Innstilling til planutvalet**

1. Planutvalet sluttar seg til framdriftsplanen til planprogrammet for Regional Transportplan som tek sikte på endeleg vedtak i fylkesutvalet september 2020.
2. Planutvalet legg til grunn at måla vedtatt for Regional planstrategi 2020 - 2024 ligg til grunn i arbeidet med Regional transportplan 2022 - 2033.
3. Regional transportplan skal vere det øvste strategiske dokumentet for samferdsle i Vestland fylke, og skal sette retning for alle tema innan mobilitet og infrastruktur i Vestland fylke.
4. Regional transportplan skal vere ein plan for heile samferdsleområde i Vestland, det vil sei at den også skal omtale område utfor Vestland fylkeskommune sine ansvarsområde.
5. Det skal utnemnast ein saksordførar av fylkestinget som skal følgje arbeidet med utarbeiding av Regional Transportplan 2022 - 2033.

### **PS 16/20 Konkurranseutsetjing av Rutepakke 3 - Lokalbåtsamband i Gulen og Solund**

Forslag til innstilling

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunngjere konkurranse om drift av lokalbåtsambanda i Gulen og Solund - Rutepakke 3 - i tråd med tilrådingane i saka.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele og signere kontrakt med vinnar av konkuransen.

## **Saksprotokoll i 11.03.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet**

**Trude Brosvik (KrF)** sette på vegner av KrF, Sp, A, SV og MDG fram slikt forslag:

«Tillegg til pkt 1:

.....i tråd med tilrådingane i saka. Og følgjande endringar:

Gåvsvær-ruta (pkt d) skal framleis ha krav på kapasitet på 28 passasjerar.  
Det skal vere same høve som tidlegare til å fråvike kapasitetskrav (pkt. 2.2 i saksutgreiinga)»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Brosvik sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunngjere konkurranse om drift av lokalbåtsambanda i Gulen og Solund - Rutepakke 3 - i tråd med tilrådingane i saka. Og følgjande endringar:  
  
Gåvsvær-ruta (pkt d) skal framleis ha krav på kapasitet på 28 passasjerar.  
Det skal vere same høve som tidlegare til å fråvike kapasitetskrav (pkt. 2.2 i saksutgreiinga).
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele og signere kontrakt med vinnar av konkuransen.

## PS 17/20 Fordeling av planleggingsmidler 2020

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for samferdsle og mobilitet gjer vedtak om følgjande fordeling av planleggingsmidler for 2020.

Kommune	Strekning/tiltak	Løying
Sogndal	Fv. 55 Bru over Esefjorden (skredsikring Kjenes)	4 000 000
Stryn	Fv. 60 Hildestranda - Innvik	20 000
Kinn	Fv. 548 Brandsøy - Solheim	50 000
Sunnfjord	Fv. 609 Heilevang	900 000
Bremanger	Fv. 614 Svelgen-Indrehus	800 000
Gloppen	Fv. 615 Sandane - Fitje	350 000
Askvoll	Atløysambandet	300 000
	Enkle fysiske tiltak	65 000
	Kollektivtrafikktiltak	65 000
Luster	Fv. 55 Høyheim - Nes	500 000
Askvoll	Fv. 609 Stongfjorden - Askvoll	150 000
Høyanger	Fv. 55 Tronvik - Ulvåna	150 000
Stad	Fv. 620 Kjøde - Sandvik	50 000
Stord	Sykkelbyavtale Stord	200 000
Øygarden	Sykkelbyavtale Fjell	200 000
Kvinnherad	Kvinnheradspakken	3 000 000
	Diverse mindre planprosjekt (utgreiing)	500 000
Alver	Fv. 57 Skodvin skule- Vágseid	50 000
Alver	Fv. 57 Lindås - Austrheim grense	100 000
Alver	Fv. 565 Ny Alversund bru med veg	1 500 000
	Fv. Miljøtiltak -problemkartlegging	200 000
Askøy/Bergen	Fv. 562 Kollektiv Strushamnsvatnet	200 000
Fitjar/Stord	Fv. 545 Stord vestside, Fitjar/Stord	500 000
Bømlo	Fv. 542 Svortland sentrum	800 000
Bømlo	Fv23 Tverråna-Alsvågkrysset	300 000
Sveio	Fv. 6 Grimstveit-Sveio sentrum	1 000 000
	Støykartlegging i Hordaland	250 000
	Diverse mindre planprosjekt (planlegging)	500 000
Etne	Skånevik-Nesvåg samt deler av Nes	300 000
Kvam	Fv. 7 Tokagejelet	400 000
Kvam	Fv. 7 Øystese -Ålvik-Granvin	300 000

Kommune	Strekning/tiltak	Løyving
	Utgreiingar	5 000 000
<b>Totalt</b>		<b>22 700 000</b>

2. . Hovudutval for samferdsle og mobilitet gir fylkesdirektøren for infrastruktur og veg fullmakt til å gjere endringar i fordeling av løyvinga mellom planprosjekta ut frå framdrift gjennom året.

### Saksprotokoll i 11.03.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

#### Avrøysting

Det var 14 medlemer til stades.

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Hovudutval for samferdsle og mobilitet gjer vedtak om følgjande fordeling av planleggingsmidlar for 2020.

Kommune	Strekning/tiltak	Løyving
Sogndal	Fv. 55 Bru over Esefjorden (skredsikring Kjenes)	4 000 000
Stryn	Fv. 60 Hildestranda - Innvik	20 000
Kinn	Fv. 548 Brandsøy - Solheim	50 000
Sunnfjord	Fv. 609 Heilevang	900 000
Bremanger	Fv. 614 Svelgen-Indrehus	800 000
Gloppen	Fv. 615 Sandane - Fitje	350 000
Askvoll	Atløysambandet	300 000
	Enkle fysiske tiltak	65 000
	Kollektivtrafikktiltak	65 000
Luster	Fv. 55 Høyheim - Nes	500 000
Askvoll	Fv. 609 Stongfjorden - Askvoll	150 000
Høyanger	Fv. 55 Tronvik - Ulvåna	150 000
Stad	Fv. 620 Kjøde - Sandvik	50 000
Stord	Sykkelbyavtale Stord	200 000
Øygarden	Sykkelbyavtale Fjell	200 000
Kvinnherad	Kvinnheradspakken	3 000 000
	Diverse mindre planprosjekt (utgreiing)	500 000
Alver	Fv. 57 Skodvin skule- Vågseid	50 000
Alver	Fv. 57 Lindås - Austrheim grense	100 000
Alver	Fv. 565 Ny Alversund bru med veg	1 500 000
	Fv. Miljøtiltak -problemkartlegging	200 000
Askøy/Bergen	Fv. 562 Kollektiv Strusshamnsvatnet	200 000
Fitjar/Stord	Fv. 545 Stord vestside, Fitjar/Stord	500 000
Bømlo	Fv. 542 Svortland sentrum	800 000
Bømlo	Fv23 Tverråna-Alvsvågkrysset	300 000
Sveio	Fv. 6 Grimstveit-Sveio sentrum	1 000 000
	Støykartlegging i Hordaland	250 000
	Diverse mindre planprosjekt (planlegging)	500 000

Kommune	Strekning/tiltak	Løyving
Etne	Skånevik-Nesvåg samt deler av Nes	300 000
Kvam	Fv. 7 Tokagjelet	400 000
Kvam	Fv. 7 Øystese -Ålvik-Granvin	300 000
	Utgreiingar	5 000 000
<b>Totalt</b>		<b>22 700 000</b>

2. . Hovudutval for samferdsle og mobilitet gir fylkesdirektøren for infrastruktur og veg fullmakt til å gjøre endringar i fordeling av løyvinga mellom planprosjekta ut frå framdrift gjennom året.

## PS 18/20 Løyving til trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring - framlegg til fordeling

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vedtar at løyvinga på 5 mill. kr. til trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring vert fordelt til følgjande tiltak:

Kommune	Tiltak	Føremål	Tildeling (kr)
<b>Modalen</b>	Punktutbringar langs fv. 569, frå Høvdalstunnelen inn mot Slottsporten	Punktutbetring	1.400.000
<b>Fjaler</b>	Rabatt for å løysa utfordring med sikthindrande kantparkering på fv. 61 ved Våge skule	Trygg skuleveg/Hjertesone	50.000
<b>Fjaler</b>	Forsterka belysning og flytting av gangfelt på fv. 57 ved Dingemoen skule	Trygg skuleveg/Hjertesone	1.500.000
<b>Askvoll</b>	Ferdigstilling av lysanlegg med forlenging til gangfelt på fv. 609 i Holmedal	Trygg skuleveg	1.000.000
<b>Høyanger</b>	Betre lyssetting av Hjetland bru på Fv55	Trygg skuleveg	150.000
<b>Øygarden</b>	Fv. 5240 Arefjordvegen - nye LED-armaturar på strekning til kryss mot Brattholmen	Trygg skuleveg	400.000
<b>Stord</b>	Intensivbelysning av gangfelt i fv. 5044 Vestlivegen	Trygg skuleveg	500.000
		<b>SUM</b>	<b>5.000.000</b>

### Saksprotokoll i 11.03.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Det var 14 medlemer til stades.

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg sitt forslag vart samråystes vedteke.

### Vedtak

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet vedtar at løyvinga på 5 mill. kr. til trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring vert fordelt til følgjande tiltak:

Kommune	Tiltak	Føremål	Tildeling (kr)
<b>Modalen</b>	Punktutbringar langs fv. 569, frå Høvdalstunnelen inn mot Slottsporten	Punktutbetring	1.400.000
<b>Fjaler</b>	Rabatt for å løysa utfordring med sikthindrande kantparkering på fv. 61 ved Våge skule	Trygg skuleveg/Hjertesone	50.000
<b>Fjaler</b>	Forsterka belysning og flytting av gangfelt på fv. 57 ved Dingemoen skule	Trygg skuleveg/Hjertesone	1.500.000
<b>Askvoll</b>	Ferdigstilling av lysanlegg med forlenging til gangfelt på fv. 609 i Holmedal	Trygg skuleveg	1.000.000
<b>Høyanger</b>	Betre lyssetting av Hjetland bru på Fv55	Trygg skuleveg	150.000
<b>Øygarden</b>	Fv. 5240 Arefjordvegen - nye LED-armaturar på strekning til kryss mot Brattholmen	Trygg skuleveg	400.000
<b>Stord</b>	Intensivbelysning av gangfelt i fv. 5044 Vestlivegen	Trygg skuleveg	500.000
		<b>SUM</b>	<b>5.000.000</b>

